

---

**Fra:** Kåre Romarheim <kare@romarheim.no>  
**Sendt:** 16. februar 2016 13:23  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Inger Opheim Hindenes; Tommy Veland; Eli Bjørklid  
**Emne:** Bestilling delingsforretning 16/3640 Gbnr 195/10 Leknes. Løyve til å dele frå grunn til naust og veg.

Hei,

Bestiller herved delingsforretning / oppmålingsforretning iht. løyve.

Dette haster...

Med vennlig Hilsen / Best regards  
Leknes Brygge AS

Kåre Romarheim  
Ingeniør  
Mob: 902 09 749

---

**Fra:** Inger Opheim Hindenes [<mailto:inger-opheim.hindenes@lindas.kommune.no>]  
**Sendt:** 11. februar 2016 12:11  
**Til:** Kåre Romarheim  
**Emne:** 16/3640 Gbnr 195/10 Leknes. Løyve til å dele frå grunn til naust og veg.

Leknes Brygge AS v/Kåre Romarheim

Kvassnesvegen 32  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1192 - 16/3640

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
09.02.2016

# Gbnr 195/10 Leknes. Løyve til å dele frå grunn til naust og veg.

Eigedom: gnr.195 bnr.10 Leknes  
Adresse for eiged.: 5915 Hjelmås  
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til naust og veg.

## Saka gjeld:

Leknes Brygge eig Sundsbakken båthamn, som er del av reguleringsplan. Det er søkt om å løyve til å dele frå dei areala som nausta skal stå på, samt vegareal som skal vere felles og skal tilhøyre Lindås kommune. Det gjeld tre parsellar – parsell A er vegen. Samla areal om lag 1600m<sup>2</sup>. Areal B er den eine parsellen for naust. Samla areal er om lag 280m<sup>2</sup>. Areal C er den andre parsellen til naust. Samla areal vel 320m<sup>2</sup>.

## Plansituasjon/dispensasjonar:

Tiltaket ligg i regulert område. Etter intern avklaring i kommunen er det semje om at deling av grunn til naust, slik søknaden gjeld, ikkje er i strid med føresegnene. Tiltak som nemnt er ikkje omtala i føresegnene, og dette vert tolka slik at tiltaket ikkje er i strid med føresegnene. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

## Nabovarsel:

Nabovarsel ligg ikkje føre, men vert vurdert som ikkje naudsynt då tiltaket er i samsvar med godkjend plan, og ingen naboar vert direkte råka av tiltaket.

## Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Tilkomst, vassforsyning og avløp vert i samsvar med godkjend plan. Det er offentleg vassverk på staden. Avløp er ikkje aktuelt då det gjeld areal til naust. Løyve til avkøyring er gjeve og er i samsvar med plan.

Når areal til naust er delt frå, skal kvart av desse areala seksjonert til naust i samsvar med plan. Det ligg føre avtale som gjev kvart naust rett til parkering, tilkomst, bruk av kaiområdet samt rett til å føre fram leidning for el/tele og VA.

Avtalen regulerer også kvart naust sin plikt til å delta i vedlikehald av veg m.m.

Desse rettane skal tinglysast på kvart naust ved erklæring om rettar i fast eigedom, når deling og seksjonering er avslutta.

## VEDTAK:

Med heimel i pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå tre parsellar frå gnr.195 bnr.10. Løyvet er i samsvar med søknad og gjeld parsell A om lag 2670m<sup>2</sup> areal til veg, parsell B om lag 280m<sup>2</sup> parsell til naust, parsell C om lag 320m<sup>2</sup> parsell til naust. Parsellane til naust skal delast frå slik at grensene for parsellane svarer til veggiv på nausta.

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.§21-9 i plan- og bygningslova.

Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

## Grunngjeving for vedtaket:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan. Det vert delt frå tre parsellar frå gnr.195 bnr.10 – to parsellar til naust, samt parsell til offentleg veg.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

**Gebyr:**

Saka kom inn til kommunen i 2015, og gebyr vert sendt ut i samsvar med gebyrregulativet gjeldande for 2015:

Deling i samsvar med godkjend reguleringsplan kr.3400,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i samarbeid med Geodataavdelinga, i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om vedtaket. Jf. Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

**Mottakarar:**

Leknes Brygge AS v/Kåre  
Romarheim

Kvassnesvegen 32 5914

ISDALSTØ